



## TIME KOMMUNE

### Bryne ungdomsskule

#### Ordensreglar for Bryne ungdomsskule

**Føremål:** Ordensreglane skal fremja samarbeid og trivsel, respekt og medansvar for alle på skulen. Skal me få dette til, må alle vera venlege, omsynsfulle,ærlege, høflege og hjelpsame mot kvarandre.

#### Reglar

<b>Orden (førebuing, arbeidsvanar og arbeidsinnsats)</b> Eleven skal ha god orden. Det er god orden å: <ul style="list-style-type: none"><li>- Møta presis på skulen og til undervisninga</li><li>- Ha skulesakene i orden</li><li>- Ha med nødvendige læremiddel og utstyr</li><li>- Gjera arbeidet ein blir pålagt så godt ein kan og til rett tid.</li><li>- Bidra til at skulen sitt område er ryddig og reint</li><li>- Vera på skulen og delta i undervisninga heile skuledagen</li></ul>	<b>Oppførsel (all oppførsel på skulen, både mot medelevar, lærarar og andre tilsette)</b> Eleven skal ha god oppførsel. Det er god oppførsel å: <ul style="list-style-type: none"><li>- Bidra til arbeidsro i timane</li><li>- Retta seg etter beskjedar frå tilsette i skulen.</li><li>- Ikkje banna eller bruka anna grovt språk</li><li>- Ikkje mobba eller på andre måtar krenka andre fysisk, verbalt eller digitalt</li><li>- Visa respekt for skulen og andre sine eigedelar</li><li>- Ikkje ha snop eller brus på skulen</li><li>- Ikkje røyka, snusa eller vera påvirka av rusmiddel</li><li>- Ikkje fuska eller forsøka å fuska i arbeidet.</li><li>- Legga att mobiltelefon heime eller legga den i mobilhotell på skulen</li><li>- Bruka pc og nettbrett bare til skulearbeid</li></ul>
--	--

#### REAKSJONAR

Dersom du ikkje rettar deg etter desse reglane, reagerer dei vaksne på skulen med:

- Samtale med lærar
- Telefon/mail/melding til føresette
- merknad på orden/oppførselskarakter
- dersom du misbruker pc og i-pad på skulen, vert han dregen inn og du får han igjen etter skuletid.
- dersom du ikkje leverer inn mobil i mobilhotell, blir den inndregen og du får den igjen etter skuletid. Dersom dette ikkje skjer, blir føresette kontakta.
- Gjenstandar som blir brukt på ein farleg eller provoserande måte vert dradd inn.
- utvising frå skulen inntil tre dagar
- du må erstatta eventuell skade

Ordensreglane gjeld i skuletida, for arrangement på skulen utanom vanleg skuletid, på turar og liknande som skulen har ansvar for. Brot på ordensreglane kan få konsekvensar for ordens- og oppførselskarakteren.

Elsa Djuve Jerstad, rektor